



Dei flinke dugnadsdamene i Kafe Tlaren vart takka med ein tapaskveld i haust (Foto. Ola Matti Mathisen)

Kafe Tlaren og nettavisa uskedalen.no er 2 gode inntektskilder for Uskedalen Utvikling. Tysdagskafeen omsette i fjor for rekordsummen 72 624 og hadde ein varekostnad på 31 727 kroner. uskedalen.no hadde ein annonseinntekt på rundt rekna 65 000 og driftsutgifter på 27 000.

I leige for Gamleskulen fekk UU inn 27 290 kroner medan den kommunale stønaden var 17 000 kroner. Men den største bidragssummen utanfrå var frå Sparebankstiftinga med 60 000. Medlemspengane utgjorde 13 500 og det kom ei anonym gåve på 16 000 kroner.

På utgiftssida vart 22 026 nytta til lavvo og 18 767 til leikeapparat. Det vart kjøpt kjøkenutstyr for 27 790 og datautstyr for 20 682 kroner. Til reparasjon og vedlikehald av den historiske bygningen gjekk det med 12 100 kroner.

Budsjettet for dette året er ført opp med ein sum på 165 000 kroner og eit driftsresultat på 7 000.